

Nasjonal jordvernkonferanse med Jordvern Norge

Måndag 22. mars – digitalt over Teams

Det er plass til 250 i møtet, men innlegga vert tatt opp og lagt ut på vår nettstad etter møtet.

[Påmelding gjerast her – lenkje til digitalt møterom sendast til alle påmelde dagen før møtet.](#)

Program:

12.15 – Deltakarane sleppes inn i møterommet

12.30 - Møte opnast av Olaf Gjedrem, leiar Jordvern Norge

12.35–13.00 – Landbruksminister Olaug Bollestad (til venstre):

Innstramming av jordvernmåla - kan me komme ned i 2000 dekar dyrka mark og 2000 dekar dyrkbar mark i jordvernmålet? Bør kommunane ha ein eigen kvote?

13.00-13.10 – LM svarer på innsendte spørsmål

13.10-13.25 – Heidi Nakken, statssekretær i Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (til høgre):

Får jordvernet gjennomslag i plan- og bygningssaker?

13.25-13.35 – KMD svarer på innsendte spørsmål

13.35-13.40 - Kaffipause

13.40-14.00 - Anne Berit Lein, ordførar i Steinkjer (til venstre):

Korleis kan kommunane sikre jordressursane, unngå nedbygging og tilbakeføre omdisponerte areal til LNFR?

14.00-14.20 – Tonje Brenna, fylkesrådsleiar Viken fylkeskommune (til høgre):

Berekraftig arealpolitikk og matjord under press. Kva er fylkeskommunens ansvar for å unngå nedbygging av dyrka og dyrkbar jord?

14.20-14.35 – Dagfinn Hatløy, forbundsleiar i Naturvitarane (til venstre):

Er opsjonar på kollisjon med jordvernarbeid?

14.35-14.50 – Linda Aune-Lundberg, forskar NIBIO (til høgre):

Kan me ha tillit på arealstatistikken som er grunnlag for både målsetnader og mål oppnåing i jordvernarbeidet?

14.50 Oppsummering, avslutting og innspelsrunde – kva kan Jordvern Norge gjere med dei innspela me har motteke i dag?

